

**HØYRINGSUTTALE - FASTLEGARS RETT TIL RESERVASJON
MOT HENVISNING TIL ABORT**

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
G21	2014/100	Anna Kaddeberg	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
14/11	Kommunestyret	03.04.2014

Vedlegg:

- 1 Høring - Reservasjonsordning for fastleger
- 2 Høringsnotat om reservasjonsordning for fastleger

Bakgrunn:

Regjeringa har sendt ut framlegg vedkomande fastlegars høve til reservasjon, med høyringsfrist 30 april. Eit kort samandrag av framlegget:

- Reservasjonsretten gjeld berre henvising til abort og til aktiv dødshjelp dersom dette seinare skulle bli lovleg i Noreg. Framlegget gjeld ikkje prevensjon eller henvising til kunstig befruktning.
- Det blir gjort framlegg om at den enkelte kommune skal avgjera om det skal gjerast avtalar om reservasjonsrett med ein eller fleire fastlegar.
- Reservasjonsretten er ikkje absolutt, dersom det ikkje er mulig å sikre rettighetane til kvinnene, så skal kommunen og legen ikkje inngå avtale. Avtalen kan også bli sagt opp dersom føresetnadene endrar seg.
- Legen skal inngå ein forpliktande avtale med ein kollega som må garantera kvinna time seinast neste dag. Legen må også gi skriftleg informasjon til kvar einskild pasient på lista.
- Kvinna kan skifta fastlege utanom dei to gongene i året ho vanlegvis har rett til dersom det dreiar seg om skifte til ein lege som ikkje har reservert seg mot henvising.
- Kommunane har ikkje høve til sanksjon overfor legar som held fram med å reservera seg mot henvising til abort etter at avtalen er blitt sagt opp. Fylkesmannen kan eventuelt gi legen ei åtvaring.

Vurdering:

Framlegget inneber ei prinsipiell endring i fastlegeordninga, fordi lov og forskrift i dag ikkje gir fastlegane rett til å reservere seg mot nokon form for fastlegearbeid. Ei slik endring er betenkeleg fordi den kan bidra til å endre det universelle samfunnsoppdraget som fastlegane har.

Ein rett som ein fastlege får til å reservera seg mot ei oppgåve, vil føre til ein reduksjon i pasientane sin rett til nødvendig helsehjelp. I dette tilfelle er det dei abortsøkjande kvinnene som får avgrensa rettighetane sine. Dette kan vera konfliktfylt for enkelte legar, men omsynet til kvinner i ein sårbar livssituasjon må vega tyngst.

I dokumentet er det lagt opp til at kommunane sjølv skal avgjera om dei skal inngå avtalar om reservasjonsrett med enkelte legar, grunngitt med at det er kommunane som forvaltar avtalane med fastlegane. Dette legg til rette for ulik praksis frå kommune til kommune på eit følsomt og alvorleg område, og fleire kommunar har protestert på dette.

Forslaget legg opp til at leganes reservasjonsrett ikkje skal gjelda dersom dei praktiske føresetnadene ikkje er tilstades. For dei legane det gjeld, er nok dette eit alvorleg samvitsspørsmål som i liten grad blir påverka av slike praktiske forhold.

Høyringsdokumentet drøftar ikkje korleis slike situasjonar skal handterast. Det er ikkje lagt opp til at legen i slike tilfelle kan seiast opp frå fastlegeavtalen. Dermed kan det oppstå situasjonar som er heilt fastlåste, og der pasientanes rettigheter ikkje kan oppfyllest.

Framlegg til uttale:

Åseral kommune ønskjer at fastlegeordninga framleis blir lagt opp slik at alle fastlegar tilbyr alle allmennlegetenester, inkludert henvising til spesialisthelsetenesta.

Dersom det likevel blir opna for at enkelte fastlegar skal kunna reservera seg mot henvising til abort, meiner Åseral kommune at avgjerda ikkje skal skje i den enkelte kommune, men må bli lagt til eit statleg organ, til dømes Helsetilsynet.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 03.04.2014

Framlegg:

Åseral Høgre v/Elling Eikerapen:

Åseral kommune støttar høyringsnotatet, forskrift om endringar i fastlegeforskriften (forskrift 29. august 2012 nr. 842 om fastlegeordningen i kommunene) og i forskrift om pasient- og brukarrettigheter i fastlegeordningen (forskrift 29. august 2012 nr. 843).

Avgjerd om reservasjonsrett skal ikkje skje i den enkelte kommune, men bli lagt til eit statleg organ – til dømes helsetilsynet.

Ordførar Oddmund Ljosland:

Åseral kommune meiner at ein allmennlege må ha reservasjonsrett i særlege høve.

Kommunen er positiv til at denne avgjerda blir tatt lokalt.

Den einskilde kommune har likevel ansvar for eit tilbod til alle ut frå gjeldande lover og forskrifter.

Vibeke Sandåker:

Åseral kommune vil ikkje tildele driftshjemmel til fastleger som ønsker å benytte seg av en eventuell reservasjonsrett/søker dispensasjon fra å henvise til abort.

Avgjerd om reservasjonsrett skal ikkje skje i den enkelte kommune, men bli lagt til eit statleg organ – til dømes helsetilsynet.

Votering:

Framlegg frå Åseral Høgre v/Elling Eikerapen fekk ei røyst (E.T. Eikerapen),

15 røysta mot.

Framlegg frå ordførar Oddmund Ljosland fekk tre røyster (A. Forgard, J.O. Selland og O. Ljosland), 13 røysta mot.

Rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyster (F. Forgard, O. Austegard og A. Skeibrok) 13 røysta mot.

Framlegg frå Vibeke Sandåker vart vedteke med 9 røyster (G. B. Aasheim, B. Haugstad, K. Røynlid, O. Åsland, V. Sandåker, A. Bjørnevåg, T. Hagen, T.H. Åsland og N. Tollefsen) 7 røysta mot.

Vedtak:

Åseral kommune vil ikkje tildele driftshjemmel til fastleger som ønsker å benytte seg av en eventuell reservasjonsrett/søker dispensasjon fra å henvise til abort.

Avgjerd om reservasjonsrett skal ikkje skje i den enkelte kommune, men bli lagt til eit statleg organ – til dømes helsetilsynet.

Kopi til:

Helse- og omsorgsdepartementet, Postboks 8011 Dep, 0030 Oslo